



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Johan Sverre Rivertz, 5557 2262

Vår dato
27.08.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/11039 321
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Varsel om tilsyn med Meland kommune som barnehagemyndigheit

Med heimel i barnehagelova § 9 andre ledd, varslar Fylkesmannen i Hordaland om opning av tilsyn med Meland kommune. Etter denne føresegna har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit. Tilsynsmyndigheita skal ha tilgang til kommunen sine dokument og lokale, jf. kommunelova § 60c.

Tema for tilsynet

Tilsynet skal undersøkje om kommunen som barnehagemyndigheit etterlever dei rettslege krava som er sett til

- Godkjenning av barnehagar, jf. barnehagelova § 10 og § 11
- Rettleiing, jf. barnehagelova § 8
- Tilsyn, jf. barnehagelova § 16

Formålet med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å føre til ei styrking av regelverksetterlevinga i kommunane og barnehagane. Gjennom kontroll med kommunen si oppfølging av dei rettslege krava skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast og rettast opp.

Gjennomføring av tilsynet

Fylkesmannen i Hordaland har vedteke å kontrollere om Meland kommune etterlever bestemte lovkrav knytte til tilsynstemaet. Det vil bli ført tilsyn med kommunen i eigenskap av barnehagemyndigheit.

Meland kommune er vald ut fordi det er ein middels stor kommune med sterk vekst, og fordi kommunen har ein overvekt av private barnehagar.

Tilsynet vil bli gjennomført med ein gjennomgang av tilsendt dokumentasjon og med intervju av tilsette i Meland kommune og eit utval av barnehagar. Etter dokumentgransking og intervju, vil Fylkesmannen utarbeide ein førebels rapport som Meland kommune vil få tilsendt før sluttmøtet. Kommunen vil ha høve til å drøfte førebels tilsynsrapport med Fylkesmannen på sluttmøtet, og ha høve til å gje skriftleg motsegn eller kommentarar til førebels rapport før endeleg rapport blir utarbeidd.

Tilsynet blir opna gjennom dette brevet. Førebels tidsplan er slik:

Frist for innsending av dokumentasjon:	25. september 2015
Intervju:	15. oktober 2015
Utsending av førebels tilsynsrapport	Veke 43
Sluttmøte:	19. oktober, alt. 11. november
Utsending av endeleg rapport	10 dagar etter sluttmøte

Fylkesmannen tek atterhald om endringar i planen.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3. Endeleg tilsynsrapport vil bli publisert på Fylkesmannens nettstad.

Fylkesmannen vil lage ein dagsplan for intervju i samråd med kommunen. Det vil vere aktuelt å intervjuje følgjande personar frå kommunen:

- Rådmann
- Barnehagefagleg rådgjevar
- Styrar og ein pedagogisk leiar i Marihøna barnehage (kommunal)
- Styrar og ein pedagogisk leiar i den største private barnehagen i kommunen

Skriftleg dokumentasjon

Vi ber om at kommunen fyller ut vedlagte eigenvurderingsskjema, og legg ved aktuell dokumentasjon.

Følgjande dokumentasjon skal i alle høve sendast Fylkesmannen:

1. Kommunen sin årsmelding/årsrapport for barnehageområdet
2. Godkjenningssvedtak for kommunen sine eksisterande barnehagar, med underliggande saksdokument
3. Eventuelle skriftlege rutinar, retningslinjer eller instruks for handsaming av godkjenningssaker
4. Eventuell tilsynsplan
5. Eventuelle rutinar for generell oppfølging/rettleiing av barnehagane
6. Oversyn over eventuelle gjennomførte tilsyn dei to siste åra
7. Dei tre siste tilsynsrapportane saman med oppfølging av eventuelle avvik
8. Rapportar frå eventuelle uanmeldte tilsyn
9. Samla dokumentoversikt

Frist for innsending av dokumentasjon

Den skriftlege dokumentasjonen må sendast til Fylkesmannen, Utdanningsavdelinga, innan 25. september. Vi ber om at dokumenta vert sendt elektronisk.

Ansvarleg for tilsynet hos Fylkesmannen

Seniorrådgjevar Ingunn Landro Sandset, rådgjevar Jarle Berggraf og seniorrådgjevar Johan Sverre Rivertz er ansvarlege for gjennomføringa av tilsynet frå Fylkesmannen, med sistnemnde som tilsynsleiar.

Spørsmål om tilsynet kan rettast til Johan Sverre Rivertz på tlf. 55 57 22 62

Fylkesmannen ser fram til eit godt samarbeid med kommunen ved gjennomføringa av tilsynet.

Med helsing

Marianne Svege
seniorrådgjevar

Johan Sverre Rivertz
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Eigenvurderingsskjema